

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 29.05.2019  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingvild Braut  
**SAKA GJELD:** **Oversikt over høyringar**  
  
**ARKIVSAK:** 2019/5283  
**STYRESAK:** **064/19**  
  
**STYREMØTE:** **18.06. 2019**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
21.02.2019	Høyring – NOU 2018:16 – Det viktigaste fysst <i>April 2017 oppnemnde regjeringa eit offentleg utval som skulle sjå på prioriteringar i den kommunale helse- og omsorgstenesta og for tannhelsetenester finansiert av det offentlege. Utvalet leverte NOU 2018:16.</i>	Høyringsfrist 22.05.2019	<b>Høyrings svar sendt</b>
28.02.2019	Høyring – delrevisjon av nasjonal fagleg retningslinje for gravide i LAR og oppfølging av familie fram til barnet når skulealder  <i>Det blir gitt tilrådingar om bruk av prevensjon, nedtrapping/dosereduksjon og val av substitusjonslegemiddel</i>	Høyringsfrist 20.05.2019	<b>Høyringsbrev er sendt til HF-a</b>
01.03.2019	Høyring - forslag til lov om offentlege organ sitt ansvar for bruk av tolk (tolkelova)  <i>Vedlagt høyringsnotat er ein rapport frå Agenda Kaupang og Oslo Economics om økonomiske konsekvensar ved innføring av tolkelova.</i>	Høyringsfrist 07.06.2019	<b>Høyringsbrev er sendt til HF-a</b>

11.03.2019	<p>Høyring - forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning og endringar i studiekvalitetsforskrifta</p> <p><i>Departementet foreslår å forskriftsfeste nye reglar om fagskuleopptak, behandling av personvernopplysningar, vurdering for føresetnader, unntak for treårig fagskuleutdanning og godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning. I tillegg foreslår departementet å overføra reglar om akkreditering av fagskuleutdanning frå studiekvalitetsforskrifta inn i den nye forskrifta, og å oppdatere desse reglane.</i></p>	Høyringsfrist 07.06.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
13.03.2019	<p>Høyring – rapport om kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi</p> <p><i>Helse- og omsorgsdepartementet har bedt Helse Vest om å legge føringar i rapporten Kreftkirurgi i Norge IS-2284 frå Helsedirektoratet til grunn for organisering av kreftkirurgien i Helse Vest.</i></p>	Høyringsfrist 20.05.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
01.04.2019	<p>Høyring – forskrift om nasjonal retningslinje for masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie</p> <p><i>Det er ynskjeleg med styrka klinisk breiddekompetanse i kommunane. Helse-og omsorgsdepartementet vil innføra offentleg spesialistgodkjenning av kandidatar med masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie.</i></p>	Høyringsfrist 01.07.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
03.04.2019	<p>Høyring - Lågterskelteneste og heilskapleg behandlingstilbod for personar som står i fare for å utføra seksuelle overgrep mot barn</p> <p><i>Helsedirektoratet viser til Prop. 85 S (2017-2018), der det blir løyvd pengar for å setja i gang eit arbeid med å oppretta ei hjelpelinje for å førebygga overgrep mot barn. Oppdraget er ei oppfølging av Redd Barnas rapport «Hjelpelinje for personar med seksuelle kjensler for barn» (2017). Rapporten peikar på behovet for å belysa ulike modellar for lågterskelløysing/hjelpelinje for personer som har seksuelle følelser for barn.</i></p>	Høyringsfrist 15.05.2019	Høyrings svar sendt

08.04.2019	<p>Høyring – forskrift om mellombels fritak frå teneste for tenestepliktige i Sivilforsvaret</p> <p><i>Forskrifta gjev avgjersler om mellombels fritak frå teneste og vil erstatta forskrift om fritak frå tenestegjering i Sivilforsvaret 24. mai 1985 nr. 1002.</i></p>	Høyringsfrist: Snarast	
09.04.2019	<p>Høyring - forslag til forskriftsendring om dokumentasjonsplikt i apotek</p> <p><i>Ny forskrift om pasientjournal (pasientjournalforskrifta) vart fastsett 1. mars 2019 (ikraftsetjing 1. juli 2019). Forskrifta utfyller journalføringsplikta etter helsepersonellova §§ 39 og 40, og gjeld òg for personell i apotek. Endringane gjeld berre personell i apotek som i dag har plikt til å føra journal etter helsepersonelloven, og inneber ikkje at journalføringsplikta blir meir omfattande enn i dag.</i></p>	Høyringsfrist 08.07.2019	
10.04.2019	<p>Høyring – forslag til endringar i byggherreforskrifta</p> <p><i>Arbeidstilsynet har etter mottak av høyringsinnspela vorte oppmerksam på nokon mindre feil i høyringsbrevet og forslaget til nye avgjerder. Vidare ser ein at det er behov for å foreslå nokre ytterlegare endringar i byggherreforskrifta. Dette inneber at enkeltforslaga som no blir fremma, erstattar nokon av dei som vart foreslått tidlegare. Dei tidlegare forslaga som ikkje er rørte i denne høyringa, blir sedd på som ferdig høyrte og vil vedtakast med dei tilpassingar som Arbeidstilsynet finn nødvendig i lys av høyringsinnspela som kom inn ved førre høyring.</i></p>	Høyringsfrist 28.05.2019	
11.04.2019	<p>Høyring – tilråding om måling av vekt og lengde/høgde i helsestasjons- og skulehelsetenesta</p> <p><i>Høyringsutkastet er ein delrevisjon av Nasjonal fagleg retningslinje for veging og måling i helsestasjons- og skulehelsetenesta.</i></p>	Høyringsfrist 01.08.2019	Høyrings svar vert ikkje sendt

12.04.2019	<p>Høyring - Samhandling om kartlegging og utgreiing av psykisk helse og rus hos barn i barnevernet (Samhandlingsforløpet)</p> <p><i>I tildelingsbrev i 2017 fekk Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) i oppdrag å samarbeida om å utvikla modellar og system som sikrar at barn i barnevernet tidleg blir greidd ut for psykiske helseplager, slik at dei får nødvendig helsehjelp i kombinasjon med tiltak frå barnevernet.</i></p>	Høyringsfrist 08.07.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
12.04.2019	<p>Høyring - Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for hovud-/halskreft</p> <p><i>Utkast til Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfølging av hovud-/halskreft på høyring. Dette er eit nytt handlingsprogram, og er ikkje tidlegare publisert.</i></p>	Høyringsfrist 19.06.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
12.04.2019	<p>Høyring - Forslag til endringar i spesialistforskrifta og forskrift om trygderefusjon for leger</p> <p><i>Høyringsnotatet inneheld tre ulike forslag. Dette er forslag om innføring av trygderefusjon for legar i vikariat hos fastleger eller i kommunalt organisert legevakt som ikkje har gjennomført turnus/første del av spesialistutdanninga, utviding av ramma for fråvær under spesialistutdanningas første del og fritak frå krav til spesialistgodkjenning ved oppretting av nye spesialitetar.</i></p>	Høyringsfrist 24.05.2019	Høyrings svar sendt
23.04.2019	<p>Høyring - bevaring- og kassasjonsavgjerder for fagsakene</p> <p><i>Bakgrunnen for prosjektet er at sektoren i dag ikkje har godkjente bevarings- og kassasjonsavgjerder for fagsaker. Godkjent bk-vedtak er pålagt for å kunna avlevera både fysisk og elektronisk arkiv til Arkivverket.</i></p>	Høyringsfrist: 16.05.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a

24.04.2019	<p>Høyring - Forslag til forskrift om nasjonal retningslinje for paramedisin</p> <p><i>Kunnskapsdepartementet sender med dette forslag til nasjonal retningslinje for paramedisinutdanning på høyring. Utdanninga er éin av førebels 20 utdanningar som det blir utarbeidd nasjonale retningslinjer for.</i></p>	Høyringsfrist: 01.08.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
26.04.2019	<p>Høyring - Forslag om innføring av meldeplikt for shewanellainfeksjonar og vibrioinfeksjonar til Meldingsystemet for smittsame sjukdommar</p> <p><i>Forslaget inneber ny meldingsplikt for shewanellainfeksjon og vibrioinfeksjon i Meldingsystemet for smittsame sjukdommar. Sommaren 2018 identifiserte Folkehelseinstituttet fleire tilfelle av smitta enn tidlegare etter bading. Det var åtte alvorlege sjukdomstilfelle, i tillegg til meir enn 50 tilfelle av mild sjukdom. Sidan sjukdommane ikkje var meldingspliktig i MSIS har det ikkje vore mogleg å kartlegga viktige omstende rundt smittetilfella, eksempelvis underliggjande risikofaktorar, kor langs kysten smitten har vorte funnen og om nokre av tilfella har vorte smitta i utlandet.</i></p>	Høyringsfrist: 06.06.2019	Høyrings svar vert ikkje sendt
29.04.2019	<p>Høyring - forslag til endring av forureiningsføreskrifta kap. 27 om utslepp frå forbrenningsanlegg</p> <p><i>Miljødirektoratet føreslår å gjennomføra direktivet hovudsakleg ved endringar i kapittel 27 forureiningsføreskrifta. Endringane er så vidt omfattande at kapitlet står fram som nytt. I tillegg foreslår dei ei mindre endring i forureiningsføreskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet.</i></p>	Høyringsfrist: 10.08.2019	

30.04.19	<p>Høyring - Nasjonal rettleier for utprøvande behandling</p> <p><i>Helsedirektoratet har i tillegg nr. 35 til tildelingsbrev av 20. juni 2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet fått i oppdrag å utarbeida ein nasjonal rettleier for utprøvande behandling. Vegleiarer skal ta utgangspunkt i dei nasjonale prinsippa for utprøvande behandling, som vart presentert i Kvalitetsmeldinga (Meld. St. 10 (2012-2013), og gjeldande regulering av forskning og pasientbehandling.</i></p>	Høyringsfrist: 09.06.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
14.05.19	<p>Høyring - overføring av finansieringsansvaret for legemiddel til dei regionale helseføretaka i perioden 2020 til 2022</p> <p><i>Det blir foreslått å overføra finansieringsansvaret for legemiddel til intravenøs behandling av infeksjonar og ved parenteral ernæring, legemiddel som blir brukt ved komplikasjonar ved nyresvikt, tromboseprofylakse ved kirurgi og transplantasjonsmedisin. I tillegg kan opprydding i terapiområde som f. eks. ALS, jernoverskot og immunglobulinar vera aktuelt.</i></p>	Høyringsfrist: 26.06.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
13.05.19	<p>Høyring av forslag til endringar i arbeidsmiljøforskriftene</p> <p><i>Endringar som blir foreslått gjeld avgjerder i arbeidsplassforskrifta, forskrift om utføring av arbeid, forskrift om tiltaks- og grenseverdiar, produsentforskrifta og forskrift om administrative ordningar.</i></p>	Høyringsfrist: 15.09.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
16.05.19	<p>Høyring - forslag til endringar i bioteknologilova</p> <p><i>Departementet foreslår fleire endringar i bioteknologilova.</i></p>	Høyringsfrist: 02.09.2019	

21.05.19	<p>Høyring - forslag til endring i pasientskadelova og ny forskrift om menerstatning ved pasientskadar</p> <p><i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag til ny forskrift om menerstatning ved pasientskadar. Forslaget er utarbeidd av Norsk pasientskadeerstatning (NPE) på oppdrag frå departementet. Departementet foreslår òg ei endring i pasientskadelova som gir departementet heimel til å gi forskrift om menerstatning ved pasientskadar. Heimelen skal òg omfatta forskrifter som på enkelte punkt fråvik reglane om menerstatning i skadeserstatningslova. Menerstatning er erstatning for skade som fører til redusert moglegheit for personleg livsutfoldelse. Slik erstatning kan givast etter § 3-2 i skadeserstatningslova når skadelidde har fått varig og særskild skadd av medisinsk art. Erstatninga blir fastset ut frå den medisinske invaliditetsgrada og for talet på år berekna fram til statistisk levealder.</i></p>	Høyringsfrist: 02.09.2019	
27.05.19	<p>Høyring - NOU 2019:10 Åpenhet i grenseland</p> <p><i>I samråd med Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet sender Helse- og omsorgsdepartementet på høyring NOU 2019: 10 Åpenhet i grenseland (Bilde, film og lydopptak i helse- og omsorgstenesta, barnevernet, skulen og barnehagen).</i></p>	Høyringsfrist: 01.10.2019	
28.05.19	<p>Høyring - forslag til ny tekst om definisjon av habilitering og rehabilitering i Helsedirektoratets rettleier</p> <p><i>Helsedirektoratet er opptatt av å utdjupa definisjonen i vegleiaren slik at den er einenskapleg og tydeleg for brukarar, tenestene og andre relevante aktørar. Dei ber difor om konkrete innspel til innhaldet og formuleringane til utkastet. Det meste av endringane er i kapittel 2.</i></p>	Høyringsfrist: 17.06.2019	